



that sour milk — we are afraid we did not like that at all.

Wooden buildings have a strange but pleasant smell inside them and in Scotland we are not used to this as most of our buildings are made from stone. We find that our sense of smell is very good of reminding us of the past. Wherever we recognize this pleasant smell it brings back memories of our evenings in Nedalshytta sitting in comfort in front of a roaring log fire.

We would like to say that we found the Norwegian people friendly and kind. In particular we like to thank Dr. and Mrs. Weidemann indeed for making our stay a very enjoyable and memorable one."

It was there at Nedalshytta that we got our first taste of many Norwegian foods. We must say that we enjoyed it, and in fact we find Norwegian cuisine very pleasant. In general the food was delicious, especially the Rømmegrøt (we do hope we have got the name correct) — but oh —

LEIF HALSE

### Rast ved ei stakkstong

Vandrar du i fjellet saman med dine barnebarn, får du mange spørsmål å svare på. Og det har du ikkje noko i mot. Du vil gjerne fortelje om fjellet — om Romådalen og livet der i barndoms dagar.

Da var det liv i fjellet sommars tid — da var det «fine tauser på kvar ei seter», buskapar beitte i brattli og botnar, bjøllene song i soldagen, og kvithåra og hokkelskodde gjetargutar følgde krøttera dagen lang. Seinare på sommaren — i markaslåtten — var det folk ved alle løer, og det song og kringelhauka frå slette og slåtteland. I desse vekene — i tida mellom heimeslått og skuronn — var bygd og grend stille og folketomme. Folk var i marka og gjorde onn.

Vi traskar etter kvarandre utetter Romådalen og går oss på ei gammel stakkstong. Ho står der einsam og avgloymt og peikar til vers. Ho er ikkje med på noko lenger, tida har reist ifrå henne.

Ein av gutane heiter Kai, og det er han som har mest å spørje om. No står han der og peikar på stakkstonga:

— Kva er dette for noko, farfar? Er det eit minnesmerke? Kan skje har dei skote ein bjønn her?

— Det *er* eit minnesmerke, svarar farfar. Eit minnesmerke over ei tid som ikkje er meir.

— Å ja, nikkar Kai og får lite ut av orda om tida som ikkje er meir. Elles bør ein vel ikkje ordlegge seg slik når ein skal tala til ein gut som har hauet fullt av poplåtar og moderne teknikk.

Men dette spørsmålet vil farfar ha god tid på. Til tonane av «No milk today» tek han av seg ryggsekken og set seg på ei mosestuve, og medan dei andre finn seg sete, tek han eit oversyn over minnesmerket og tykkjer at uttrykket er både godt og vakkert. Det

møter med sus av historie. Men samstundes veit farfar at ungdom av i dag bryr seg lite om romantiske glosor og poetiske vendingar. Dei vil ha nakne fakta og «No milk today» og ikkje noko anna.

Men der står stakkstonga vergrå og vindtørr. Ein kan enno sjå litt av skorene som stødde stonga, og i stakktufta veks moltegraset tett og frodig, og ser ein vel etter, vil ein finne restane av ein risutgard rundt tufta.

— I min barndom var det slåttemark her, fortel farfar. Vi slo med ljå og raka ihop med rive, og tørrhøyet la vi i ein stabbe rundt stonga, og det kalla vi ein stakk.

— Ein høystakk, supplerar Kai, som nok har høyrt tale om andre stakkar.

Farfar svarar ikkje på det, men seier nokre ord om at før i tida stod det hundretals stakkstenger innover Romådalen, så her har gammelkarane — fedrane — lagt att mang ein salt sveitestedrope.

— Har du vore med på markaslått, farfar?

— Ja, eg var med — det var enda den sommaren eg gjekk for presten. Vi hadde eit løeslætte inne ved Steinhaugen.

— Eit løeslætte? spurte guten.

— Ja, eit markaslætte der det var lœ å ha tørrhøyet i, så der slapp vi å sette i stakk. Vi var fire saman om arbeidet: Ola husbond, Maret matmor, drengen og eg. Vi låg i høyet og var ikkje utor kleda så lang veka var. Å legge seg rund og stå oppatt som ein hund, sa ein i dei dagom. Utafor lœa rann ein bek, og i livd av eit kjerr låg gruvsteinane, og der heldt matmor til med matstellet. Det var elles ikkje store omskifte i kosthaldet. «No milk today» var der ein hard realitet — der var graut og skjør tre gonger om dagen og saltmat til nons.

— Til nons? spør Kai.

— Det måltidet vi fekk klokka 4 om ettermiddagen kallast none, og det ordet er vel latin og betyr den niande time på dagen.

— Hadde du kvass ljå, farfar?

— Ja, der er du inne på eit sårt punkt: Saka er nemleg den at eg hadde ikkje kvass ljå — eg hadde ikkje ljå i det heile tatt, og det var mitt kompleks. Dette med statussymbol er ikkje noko som berre hører heime i vår moderne tid. Vi kjente ikkje namnet den

tida eg vaks opp, men vi var på jakt etter karsmerke, og no skal du høre: Eg hadde svinga ljåen mang ein god gong og halde min plass i skårgangen saman med vaksenkarane, og snart skulle eg få presthanda på meg. Og så — så fann Ola husbond på at eg skulle bruke riva. Så laut eg gå der i lag med matmor og rake og breie medan Ola husbond og drengen svinga ljåane så finnskjegg-graset fauk. Det var ikkje trøysamt, men kva skulle ein gjera? Det var berre å bruke kvinnfolkriva så godt ein kunne, og vera glad til at han Johan og dei andre jamaldringane ikkje var her og såg kva ein vart sett til!

— Og konfirmasjonsleksene?

— Dei måtte eg lesa på i durskvila og om kveldane. Eg kjem i hug at eg låg utafor løeveggen og pugga salmevers til eg sovna. Det var enda salme nummer 42, øvst til venstre på ei side i salmeboka — eg ser teksten tydeleg for meg den dag i dag! Ein fredag skulle vi møte hos presten. Da var det å traske den dryge mila ned i bygda, byte på seg helgaklede og gå til kyrkja på overhøring. Det var hardt å halde seg vaken i den tunge lufta inne mellom fire veggjar, og det var godt å koma ut i fri luft og legge vegen til fjells att.

Enno er det mykje som farfar skulle fortalt, men gutungane har reist seg og vil gå vidare. Dagen er blank og høg med sol over alle fjell. Sauer brækar i skrøene på andre sida av elva, og rypa skarrar i rabbar og rastar, og nede på myrane står myrulla og nikkar med kvite silkeknupper.

— Det er supert her, farfar! seier Kai, og farfar tykkjer det same, enda han vel ville ha funne eit anna ord for si naturkjensle. Så tek han sekken på ryggen og ser enno ein gong mot den moltegrasgrodde stakktufta og den vergrå stakkstonga — eit minnesmerke om ei tid som han har vore med og opplevd, men som no ikkje er meir.